



Innkalling av Formannskapet

Møtedato: 09.09.2014
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 08:00

Møte startar med synfaring ca. kl. 08.00

08.00 – 09.00 Synfaring og tiltak Kvamme industriområde
09.00 – ca. 10.00 Kraftfondstyret
Kraftfondsøknad Stordalen skisenter as – sakspapir allereie sendt ut
+ oppfølging av sak etter synfaring

Kl. 10.00 Formannskapet

Orienteringar/drøftingssaker i formannskapet

1. Oppvekstplanen
2. Utbyggingsavtale Liarinden
3. Småkraft – konsesjonssøknader
4. 2. tertialrapport – som sak direkte til KS 18.9
5. Tannlege
6. Kommunestruktur

Ettersending av 2 tilleggsaker:

- Finansrapportering 2014
- Framlegg til forskrift for vatn og avlaup Masfjorden kommune

Eventuelle forfall må meldast til Maud Sleire Holmaas per tlf. 56166216, sms til 91572395
eller per epost til maud.sleire.holmaas@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste:

- 058/2014 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 059/2014 Godkjenning av møtebok
- 060/2014 Behandling av søknad om kostnadsdeling av opprusting av Kjerdalsvegen
- 061/2014 Framtidig skulefruktordning i Masfjorden
- 062/2014 Søknad frå Museum Vest om midlar til utgreiingsarbeid for Bjørn West-museet
- 063/2014 Gbnr 27/3 Nordland. Klage på vedtak om dispensasjon til frådelling av hus nummer to
- 064/2014 Søknad om permisjon frå politiske verv
- 065/2014 Revidert vassavtale med Gulen kommune
- 066/2014 Søknad om støtte til bokprosjekt
- 067/2014 Mandat for KS Hordaland sitt arbeid med kommunereform
- 068/2014 Søknad om minipol i Masfjorden
- 069/2014 Framlegg til høyring - Kommundelplan for helse, omsorg og sosial 2014 - 2026
- 070/2014 Marine Harvest Norway - fråsegn til søknad om konsesjon for regulering og auka vassuttak frå Søre Kvingevatnet
- 071/2014 Planprogram for områdeplan bru over Masfjorden
- 072/2014 Søknad om å få kjøpa to regulerte tomter i det kommunale bustadfeltet på Skolten
- 073/2014 Delegerte saker
- 074/2014 Referatsak

4. september 2014

Karstein Totland, ordførar
møteleiar

Maud Sleire Holmaas
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Gerd Allis Håheim		14/974

Saknr	Utval	Type	Dato
058/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014

Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Maud Sleire Holmaas		14/974

Saknr	Utval	Type	Dato
059/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014

Godkjenning av møtebok

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 19.06.2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend.

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Terje Kallekleiv	FA - V64, HistSak - 12/414, HistSak - 14/34	14/299

Saknr	Utval	Type	Dato
060/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014

Behandling av søknad om kostnadsdeling av opprusting av Kjerdalsvegen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden formannskap ønskjer ikkje å prioritere kr. 65 000,- til nybygging av 25 meter ny veg. Tiltaket er isolert i privat interesse og det finst ikkje fastbuande her. Tiltak på kommunale vegar med større behov bør prioriterast fram for dette.

Sidan vegen elles er dårleg vil formannskapet tilrå administrasjonen at deler av vegen vert rusta opp innafor råmene av dagens standard på 6 tonn akseltrykk. Dette må likevel gjerast innafor disponible råmer for 2015 og etter ei administrativ fagleg vurdering.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunen har motteke ein søknad om å bidra til omlegging av privat avkjørsel frå kommunal veg i Kjerdalen - samt etablere skikkeleg snuplass her.

Vurdering

Isolert bør ikkje kommunen prioritere private veginteresser. Sjølv om dei 25 meter kan definerast med eit kommunalt vedlikehaldsansvar - så er omlegging av vegen ikkje ei offentleg prioritering - men eit isolert privat initiativ. Forslaget i søknaden om utbetring av snuplassar er likevel relevant.

Generelt er den kommunale vegen i Kjerdalen i dårleg stand og delar av vegen bør opprustast. Truleg bør delar av vegen masseutskiftast. Kommunen kan evt. bidra med gratis tilførsel av nødvendige steinmasser til dei aktuelle 25 meter ny veg dersom tiltakshavar også opparbeider snuplass som endepunkt på den kommunale vegen der denne sluttar. Dette må i tilfelle avgjerast av vegansvarleg i kommunen. Også utføring må skje i samråd med vegansvarleg.

Konklusjon

Masfjorden formannskap ønskjer ikkje at slike private initiativ blir prioritert framfor vedlikehaldet av kommunale vegar.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - B44	14/916

Saknr	Utval	Type	Dato
061/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014
	Kommunestyret	PS	

Framtidig skulefruktordning i Masfjorden

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Når den statlege ordninga med tilskot til skulefrukt fell vekk, vil Masfjorden kommune gå inn for å betala for frukt til alle elevane i grunnskulen kvar dag skuleåret 2014-15. Kostnaden må leggjast inn i budsjettet for 2015.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Regjeringa har kome med framlegg om å oppheva den plikta kommunane har til å gje elevar på ungdomsskular og kombinerte skular gratis frukt og grønt. Det er grunn til å tru at framlegget vert vedteke. Kommunestyret som skuleeigar må ta stilling til korleis denne saka skal ordnast her i vår kommune.

Fakta

Frå 1. august 2008

vart det innført ei plikt for kommunane å gje elevar ved ungdomsskular og kombinerte barne- og ungdomsskular gratis frukt og grønnsaker. I Prop. 68 L (2013-2014) gjer regjeringa framlegg om å oppheva denne plikta og slik gje skuleeigarane høve til sjølv å avgjera om dei vil ha ei skulefruktordning. Masfjorden kommune gav i si høyringsfråsegn uttrykk for at ein var i mot å oppheva ordninga med skulefrukt. (Sjå formannskapsvedtak i sak 3/14).

Vurdering

Departementet skriv at

lovendringa vil stilla skuleeigarane fritt til å velja om dei vil ha ei skulefruktordning og til å velja korleis ei slik ordning eventuelt skal innrettast. Departementet er samd i at skulefrukt er positivt for elevane. Framlegget om å endra lova er ikkje uttrykk for at departementet ikkje meiner at dagleg frukt og grønnsaker er viktig for folkehelsa. Dei pengane staten sparer på ordninga, er blitt overført til vidareutdanning for lærarane.

Ut frå departementet sin gjennomgang er følgjande alternativ dei mest aktuelle:

a) Abonnementsordning der foreldra betalar ein sum pr. dag.

b) Ei

ordning der kommunen tek kostnaden med dagleg frukt og grønt til alle elevar.

I dag har reine barneskular tilbod om ei abonnementsordning på skulefrukt, subsidiert over Helse- og

omsorgsdepartementet sitt budsjett. Denne ordninga vert frå hausten 2014 utvida til også å gjelda ungdomssteget. Ordninga byggjer på at foreldra betaler kr 3 for kvar dag barnet deira skal ha frukt på skulen, om lag som den mjølkeordninga skulane våre har hatt i mange år. Det er ingen kommunale utgifter med ei slik ordning. Mange barneskular nyttar seg av dette tilbodet.

Kr 3 pr dag er ikkje nokon stor sum. Men det utgjer kr 570 pr skuleår for ein elev og 1140 for to. Rådmannen er ikkje sikker på at alle heimar kan eller vil ta denne utgifta. Me risikerer at nokre born vert ståande utanfor. Dersom me skal sikra oss at tilbodet om frukt og grønt når fram til alle, bør me ha ei ordning som er gratis for elevane. Å gje alle elevar i Masfjordskulane gratis frukt og grønt kvar dag gjennom året, vil kosta nokså nøyaktig kr 105000,- for eit skuleår. Utgiftene for hausten 2014 ligg inne i budsjettet. Dersom elevane våre skal få gratis frukt heile skuleåret 2014-15, må det finnast dekning for ein kostnad på kr 60000 ekstra for våren 2015. For heile 2015 vil kostnaden som sagt vera om lag 105000.

Konklusjon

Med bakgrunn i den effekt me veit at frukt og grønt har på elevane går Masfjorden kommune inn for at alle elevar skal få tilbod om frukt og grønt kvar dag. Kostnaden må leggjast inn i budsjettet for 2015.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Alf Magnar Strand	FA - C56	14/489

Saknr	Utval	Type	Dato
062/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014

Søknad frå Museum Vest om midlar til utgreiingsarbeid for Bjørn West-museet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune løyver kr 50000 til Museum Vest.
2. Løyvinga skal gå utgreiingsarbeid for konsolidering av Bjørn West-museet.
3. Tiltaket blir finansiert av disposisjonsfond for drift kultur.

Saksopplysningar:

Bakgrunn/ Fakta

Masfjorden kommune hadde 22. august d.å. møte med Hordaland fylkeskommune, Museumssenteret i Hordaland og Museum Vest om utvikling og konsolidering av Bjørn West-museet. Møtet var ei oppfølging av eit liknande møte i Bergen 6. mars d.å. Konklusjonen på møtet den 22. august var at dersom Bjørn West-museet skal konsoliderast innan ein større museumsorganisasjon i Hordaland, bør museet bli ein del av Museum Vest som har spesialisert seg på krigshistorie. Ei slik konsolidering vil få noko å seia for økonomi og fagleg innhald.

Fylkeskommunen har løyvd kr. 50.000 til å greia ut spørsmålet om konsolidering, og Museum Vest søker no om ein tilsvarende sum frå Masfjorden kommune. Museum Vest skal saman med Museumssenteret i Hordaland stå for utgreiingsarbeidet. Desse to musea skal innan utgangen av oktober levera ein rapport som seier noko om saksgangen vidare, om alternative opplegg for drift av museet i eit nytt bygg og om korleis ein kan driva museet vidare der det no er, fram til eit nytt bygg evt. er på plass.

Vurdering

Eit samarbeid mellom Bjørn West-museet og ei større museumseining har vore omsnakka lenge. Eit tidlegare framlegg om konsolidering med Museumssenteret i Hordaland vart det ikkje noko av. Det er klart at viss Bjørn West-museet skal vera eit levande og interessant museum også i åra som kjem, treng me museumsfagleg hjelp til å gjera det beste ut av utstillinga i dei lokala me har. Dersom me skal satsa framover, må me arbeida for å flytta museet til eit nytt bygg på den andre sida av elva. Den utgreiing som det er snakk om i denne omgang, er fyrste steg på vegen fram mot konsolidering med eit større museum. Viss me får det til, vil me kunne få fylkeskommunale og statlege midlar til drift, noko som kan vera nødvendig for å sikra drifta på sikt.

Konklusjon

Masfjorden kommune løyver kr. 50.000 til utgreiingsarbeid for konsolidering av Bjørn West-museet. Tiltaket blir finansiert av disposisjonsfond drift kultur.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Håvard Tveit	Gbnr - 27/3	14/434

Saknr	Utval	Type	Dato
063/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014

Gbnr 27/3 Nordland. Klage på vedtak om dispensasjon til frådelling av hus nummer to

Vedlegg:

Uttale - Masfjorden - Gnr 27 Bnr 3 - Andvik - Frådelling av bustadtomt - Disp
Delingssak GBNR 27/3 - Andvik - Søknad om deling av grunneigedom til bustadføremål

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune tek ikkje klaga frå Fylkesmannen i Hordaland av 10.06.2014 til følgje, og held fast på sitt opprinnelege vedtak av 07.05.2014 om å gje dispensasjon frå kommunen sin arealdel for frådelling av hus nummer to på gbnr 27/3.

Saka vert oversendt Fylkesmannen for vidare handsaming.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Fylkesmannen i Hordaland har i brev av 10.06.2014 klaga på Masfjorden kommune sitt vedtak om å gje dispensasjon frå kommunen sin arealdel for frådelling av hus nr to på gbnr 27/3.

Fakta

Masfjorden kommune gav 07.06.2012 Torbjørn Krossøy løyve til å bygge hus nr to på eigedomen sin (27/3). Løyve vart gjeve etter jordlova § 9 (omdisponering) og dispensasjon etter Plan- og bygningslova (PBL) § 19-2.

Fylkesmannen i Hordaland klaga på vedtaket etter PBL, og endeleg vedtak i saka vart fatta av settefylkesmann (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane) 22.01.2013. Vedtaket la til grunn at driftsomfanget Krossøy har på om lag 70 vinterfôra sauer, er stort nok til at ein kan opne for å bygge hus nummer to på garden. Tiltaket var såleis i tråd med LNF-føremålet i Masfjorden kommune sin arealdel, og krevde ikkje dispensasjon.

Arbeidet med tomta har byrja, men Krossøy har i ettertid komme til at det er nokre føremoner med at huset vert bygd på frådelt tomt, og han søkte difor 24.03.2014 om dispensasjon frå

kommuneplanen sin arealdel og frådelling etter PBL og Jordlova til dette føremålet. Masfjorden kommune gav dispensasjon til frådelling 07.05.2014.

Fylkesmannen i Hordaland har desse hovudpunkta i si klage av 10.06.2014:

- Det planlagde huset er naudsynt for driftsomfanget til 27/3. Ei frådelling av eit naudsynt bygg, vil utan tvil vere negativt for landbruket.
- Etter frådelling vil eigedomen framleis ha behov for eit hus nr to, og dette opnar for at eigar på nytt kan søkje om hus nr to. På den måten kan eigedomen bli enno meir oppdelt og tapet av jordressursar kan auke ytterlegare.
- Vedtaket kan bli prinsipielt for handsaming av denne typen saker.
- Landbruksomsynet er eit prioritert arealpolitisk tema frå nasjonalt hald, og jordvernet står framleis sterkt.
- Det er ikkje denne typen frådelingar som det er opna meir opp for i den seinare tid. Ein skal ikkje svekke ei aktiv drift ved frådelingar, anten det er tale om dyrka jord eller eit nødvendig hus nr to.

Masfjorden kommune sitt jordlovsvedtak om deling er ikkje varsla omgjort av Fylkesmannen, og vedtaket er heller ikkje påklaga av partar med klagerett.

Vurdering

Etter ny delingsregel i jordlova, har det etter Masfjorden kommune sitt syn, vore råd å finne heimel for frådelling av hus nummer to etter denne lova. Kommunen har i ettertid av vedtaket ikkje motteke noko som tilseier at dette var ei feil vurdering. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane la i klagehandsaminga i 2013 til grunn at vurderinga av om hus nr to var naudsynt for landbruksdrifta, måtte sjåast i samanheng med dei omsyna som ligg bak delingsforbodet i jordlova. Ettersom gjeldande reglar i jordlova i mykje sterkare grad legg vekt på busetjingsomsynet, kan ein argumentere for at fokuset for vurderingane kring ei dispensasjonssak for frådelling av eit naudsynt bygg for landbruket i eit LNF-område, i større grad kan vere på andre omsyn lova og arealføremålet skal vareta.

LNF-føremålet har som hovudoppgåve å sikre jordressursane, kvalitetar i landskapet og vern av verdfulle landskap og kulturmiljø. Vidare skal lova mellom anna legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling og legge til rette for gode bumiljø og gode oppvekst- og levekår i alle delar av landet.

Ulempene ved ei frådelling av hus nr to på gbnr 27/3 synast i stor grad å knyte seg til konsekvensane ho kan få for kontinuiteten i drifta ved eit generasjonsskifte. Vidare kan ei frådelling etter fylkesmannen sitt syn, opne for løyve til bygging av eit nytt hus nr to på eigedomen på eit seinare tidspunkt.

Fordelane ved å gje løyve til frådelling knyter seg i hovudsak til busetjing. Plasseringa av tomte legg til rette for vidare landbruksdrift på 27/3 og har gode løysingar for infrastruktur. Masfjorden kommune prøver å legge til rette for fast busetjing i alle delar av kommunen ved å avsetje område der spreidd bygging skal vere tillate i LNF-område, men i kring Andvik har det etter gjennomgang av skredsituasjonen synt seg vanskeleg å finne slike område. Dette tilseier at ein bør vere meir open for at dispensasjonar er naudsynt for å sikre busetjing i dette området medan ein ventar på revisjon av arealdelen av kommuneplanen.

Kommunen legg til grunn at den viktigaste faktoren for å sikre generasjonsskifte, er tilgang på bustad eller bustadtomt i nærleiken av driftssenteret og vern om det dyrka arealet som grunnlag for

driftsomfanget på bruket. Begge desse momenta vert varetatt sjølv om det vert gjeve dispensasjon til frådeling. Masfjorden kommune har ikkje innført nedsett konsesjonsgrense, og kan difor ikkje styre den faktiske bruken av ein bustad.

Kommunen kan ikkje sikre seg mot at det i framtida kan komme ein ny søknad om hus nr to på eigedomen. I tidlegare sakshandsaming etter jordlova har plasseringa av tomte vore eit vesentleg moment for å kunne gje løyve til bygging. 27/3 har ikkje andre eigna hustomter enn ho som no vert nytta, og dersom ein tek utgangspunkt i dagens lovverk, vil det vere svært vanskeleg å kunne gje løyve etter jordlova til eitt hus til på denne eigedomen.

Konklusjon

Ei frådeling av hus nr to på gbnr 27/3 sikrar busetjing i eit område med lite areal avsett til bustadbygging. Kontinuiteten i landbruksdrifta ved eit generasjonsskifte vert ikkje svekka av ei frådeling, då tomteplasseringa ikkje medfører ulemper for drifta av eigedomen. Dagens jordlov gjer det vanskeleg å gje løyve til omdisponering av fleire tomter på gbnr 27/3 si dyrka jord. Fordelane med å gje dispensasjon er difor klart større enn ulempene han medfører.



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Grete Kathrine Jacobsen, 5557 2116

Vår dato
10.06.2014
Dykkar dato
07.05.2014

Vår referanse
2014/5950 421.3
Dykkar referanse

Masfjorden kommune
Kommunehuset
5981 MASFJORDNES

Uttale – eventuelt klage - Masfjorden – Gnr. 27 Bnr. 3 - Andvik - Frådeling av bustadtomt – Dispensasjon etter plan- og bygningslova

Fylkesmannen viser til dykkar brev av 07.05.2014. Saka gjeld søknad om frådeling av ei bustadtomt på gnr. 27 bnr. 3, Andvik. Tiltaket ligg i eit område som er sett av til landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF) i kommuneplanen. Saka er sendt oss til uttale.

Kommunen har uttrykkeleg sendt saka til Fylkesmannen til uttale, og vi legg det til grunn. Likevel har kommunen fatta eit «vedtak» om dispensasjon for frådeling av bustadparsell med vilkår om at «Fylkesmannen må gje aksept til tiltaket». Denne saka er innafor vårt saksområde, og vi skulle hatt saka til uttale før kommunen fatta dispensasjonsvedtaket, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-1. Med denne ordlyden, og sidan kommunen ikkje har følgd saksgangen etter pbl., legg vi til grunn at dette vedtaket ikkje er endeleg, men eit forslag til vedtak.

Fylkesmannen meiner det er uheldig at kommunen former forslaget som eit vedtak, og særleg kan det skape uvisse for tiltakshavar. Det er ikkje lett å skjønne korleis ein skal forstå kommunens vedtak slik det no ligg føre. Uttale frå Fylkesmannen må leggjast til grunn for kommunens dispensasjonsvedtak, jf. pbl. § 19-1.

Slik som kommunen har gått fram i saka, og med det «vedtaket» som ligg føre, seier vi uttrykkeleg ifrå om at dette brevet må sjåast som ei klage, dersom kommunen meiner å ha fatta eit endeleg vedtak i saka den 07.05.2014.

Det er tidlegare gjort vedtak om løyve til å byggje bustad nummer to på dette arealet. Fylkesmannen klaga på vedtaket i brev av 29.06.2012, men klaga vart ikkje teken til følge av setjefylkesmannen i brev datert 22.01.2013. Setjefylkesmannen returnerte saka for handsaming som byggesak i kommunen. Dette på bakgrunn av at tiltaket var i tråd med LNF-føremålet i kommuneplanen, da det vart konkludert med at det er naudsynt med hus nr. to på garden.

Det er stor skilnad på om eit gardsbruk kan få bygge eit bustadhus, kårhus, som nr. to på garden fordi det er naudsynt for drifta av garden, og det å få skilje dette huset frå garden. Dersom bustadeigedommen blir skilt frå garden, er bustadhuset med eigedom ikkje lenger ein del av garden og heller ikkje lenger ein del av LNF-føremålet.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane uttalte seg også om dette i forhold til jordlova i sitt vedtak av 22.01.2013:

«Vurderinga av om bustadhuset er nødvendig for landbruksdrifta, må etter vårt syn sjåast i samanheng med dei omsyna som ligg bak delingsforbodet i jordlova § 12. Når ein kommune skal ta stilling til om ei frådeling kan vere forsvarleg ut frå avkastninga til ein landbrukseigedom etter jordlova, er det alltid nødvendig å vurdere søknaden ut frå den reelle drifta på garden. Utgangspunktet i saker etter jordlova er at ein kårbustad ikkje kan delast frå dersom han er nødvendig av omsyn til drifta. Vi legg til grunn at dersom det seinare skulle kome ein søknad om frådeling av ein av bustadene på eigedommen, er det i strid med delingsforbodet i jordlova § 12 å tillate frådeling frå eit bruk med same driftsomgang som gbnr. 27/3, sjølv om berre ein mindre del av jordbruksarealet låg til hovudbruket.»

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har her teke stilling til frådeling av ein av bustadene etter jordlova og kan ikkje sjå at det er lovleg. Kommunen har ikkje følgd dette i sin siste saksutgreiing. Vi gjer merksam på at vi er samde i det som Fylkesmannen i Sogn og Fjordane uttaler om dette, utan at det er avgjerande for oss i saka.

Vi uttaler oss i denne samanhengen om forholdet etter plan- og bygningslova. Som nemnt blir ikkje bustadeigedommen lenger ein del av LNF formålet om den blir skilt frå garden. Da trengjer frådelinga m.a. dispensasjon frå plan- og bygningslova, slik kommunen også har lagt til grunn.

Tiltakshavar søkte om bustadhuset som ein del av garden, som hus nr. to på denne og som nødvendig for gardsdrifta. Det er slått fast i saka at det er naudsynt med eit hus nr. to på garden. Ved frådeling som det er søkt om, blir hus nr. to skilt frå garden, og dette vil utan tvil vere eit tap for garden. Vi viser her også til innhaldet i vår klage av 29.06.2012 i saka som er avgjort av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Ved ei frådeling vil det framleis vere naudsynt med eit hus nr to på garden, og det er difor ikkje usannsynleg eller i alle fall mogeleg at det kjem ny søknad om å få bygge eit nytt hus nr. to etter at dette er skilt frå. Det vil føre til ein bit for bit-nedbygging som er svært uheldig for jordressursane. Det er derfor viktig at bustadeigedommen ikkje blir skilt frå, både i dette konkrete tilfellet og som eit prinsipp i tilfeller som dette. Vi minner om at landbruksomsynet er eit prioritert arealpolitisk tema frå nasjonalt hald, og at jordvernet framleis står sterkt. Det er ikkje endringar i desse prioriteringane.

Vi kan ikkje sjå at dei omsyna som kommunen har trekte fram i saka, gjer grunn til å vurdere saka på ei anna måte. Det er ikkje avgjerande at det er andre bustader langs vegen her og som vil grense til denne eigedommen. Det vil tvert i mot kunne føre til at det blir lettare å opne for ytterlegare frådelingar av dyrka marka på garden og bidra til ei bit for bit utbygging. Trongen for dyrka marka og eventuelt for hus nr. to på garden har større vekt.

Det er heller ikkje denne typen frådelingar som det er opna meir opp for i den seinare tid. I denne saka er det tale om å dele frå eigedom for bustad nr. to på gard i drift, og der dette bustadhuset er nødvendig for drifta. Vi skal ikkje svekke ei aktiv drift ved frådelingar, anten det er tale om dyrka mark eller eit nødvendig hus nr. to.

Vi gir med dette vår uttale til saka. Fylkesmannen rår i frå at det blir gitt dispensasjon i saka. Etter lova bør ikkje kommunen gi dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttala seg negativt til søknaden. Dersom det likevel blir gitt dispensasjon, skal kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen som har klagerett. Dersom kommunen har meint å gi eit endeleg vedtak i saka, sjå ovanfor, er dette ei klage på vedtaket.

Med helsing

Else-Kristin Foss Vikenes
avdelingsdirektør

Arve Meidell
seksjosleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Torbjørn Krossøy
5981 Masfjordnes



24.03 2014

Masfjorden kommune
Avd. landbruk
5981 Masfjordnes

Søknad om dispensasjon til frådelling av bustadtomt på Gnr 27. Bnr 3

Eg syner til tidlegare vedtak der me har fått løyve til å få byggja hus nr. 2 på garden.

Det er eldste sonen vår, Tom Krossøy som skal byggja og som med tida skal overta gardsbruket. Me søkte opprinneleg om dispensasjon vedr. LNF-område men fekk beskjed om at sidan det var hus nr. 2 på garden gjekk det inn under Jordlova og det var TML i Masfjorden kommune som gav løyve.

Me har no sett at ulempe med å byggja det som hus nr. 2 på garden er store. Garden vil verta pantsett og det fører til store ulemper både for noverande brukar og framtidig overtakar av garden. Sidan Tom og kona Hilde Sofie nettopp har fått tvillingar – har dei ikkje høve til å ta over garden med det første. Me kjem til å driva fram til dei overtek. Når garden vert pantsett vil me ha mindre høve til å få lån dersom me skal føreta investeringar. Ein pantsett gard vil også vera stor ulempe for Tom når han skal overta – han vil også få større vanskar med å finansiera oppgradering av garden.

Gnr.27, Bnr 3 har ikkje beiteareal/utmark i det heile på Andvik – det me har av beiteareal/utmark ligg inne på Nørlandsdalen og er ikkje eigna til husbygging grunna rasfare og lang avstand til driftsbygning på garden. Det arealet på innmarka som er avsett til bustadbygging på garden og som kunne ha vore eigna til bustadføremål kan ikkje byggjast på – det vart bandlagt etter påvist rasfare då kommunen sin geolog undersøkte området.

Tomten me søker om frådelling for ligg heilt nede i ytterkanten av garden. På den eine sida av tomten vart det bygd bustadhus på midten av 50-talet. På den andre sida av tomten ligg «Boligen» som i si tid var bustad for arbeidarane til Neptun Canning. Det vert såleis liggjande 3 hus der attmed kvarandre i rett linje.

Slik me ser det – er denne tomten einaste staden det går an å byggja på garden utan at det er rasfare og der ein samstundes på best mogeleg vis ivaretek vern av dyrkbar jord.

I Jordlova § 12 står det at «ein skal gje auka lokalt handlingsrom til kommunen og skal gjera det lettare å dela frå dersom frådelinga gjeld tilleggsjord eller for å oppretthalda busetjing» Dersom Tom og Hilde Sofie Krossøy skal vera busett i Masfjorden også i framtida må dei byggja hus. For å oppretthalda bustnaden i Masfjorden er det viktig at me får dei unge til å busetja seg her.

Me søkjer med dette om dispensasjon for å få frådelt tomten som er avsett til hus nr 2 på garden. Me grunngjev søknaden med desse hovdepunkta:

Jordlova seier at det skal vera lettare å dela frå areal for å oppretthalda busetjing.


Tomten som skal delast frå ligg heilt i ytterkanten av garden på skrint jordsmonn.

Det er einaste staden det går an å byggja på garden utan at det er rasfare.

Det er tidlegare bygd hus på kvar side av denne tomten.

Ved å få dela frå tomten vil ein unngå at garden vert pantsett. Dersom garden vert pantsett for å få byggja hus kan det verta til hinder både for noverande brukar og framtidig brukar om ein skalå oppgradera bygningar eller utstyr på garden. I verste fall kan dette føra til at drifta må leggjast ned.

Med helsing


Torbjørn Krossøy

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Gerd Allis Håheim	FE - 089	14/925

Saknr	Utval	Type	Dato
	Kommunestyret	PS	
064/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014

Søknad om permisjon frå politiske verv

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Lene H. Kvamsdal vart valt inn for Høgre i kommunestyret og formannskapet ved førre kommuneval i 2011.

Kvamsdal søker no om permisjon for resten av valperioden. Neste kommuneval er 14. september neste år. Ho grunngjev dette med endra arbeidssituasjon både for seg og ektemannen.

Vurdering

I tråd med Kommuneleva § 15.2 er det opna for fritak for politiske verv etter søknad for dei som er innvalde. Ei slik vurdering vert skjønsmessig, og ein må vektleggje det søkjar omtalar som belastning og grunn for fritak. I utgangspunktet skal det tungvegande grunnar til fritak frå alle verv, og i dette forholdet kunne det ha vore naturleg med fritak frå vervet i formannskapet, men halde fram som Kommunestyrerepresentant – alternatativt fullt fritak. Ein legg saka fram for formannskapet med oppmoding om at dei innstiller i saka overfor Kommunestyret.

Fakta

I kommunelova § 15 står det:

«Kommunestyret kan etter søknad frita for et kortere tidsrom eller for resten av valgperioden, den som ikke utan uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet».

I kommunelova med kommentar står det at når eit medlem trer ut av kommunestyret eller formannskap skal plassen alltid fyllast av ved opprykk av varamedlem. Opprykket må skje i den rekkefølge varamedlemmen er valt. Kommunelova opnar og for at det kan gjevast fritak/permisjon

for berre eit av utvala, for eksempel formannskapet.

Konklusjon

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA - M12, TI - &01	14/985

Saknr	Utval	Type	Dato
065/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014
	Kommunestyret	PS	

Revidert vassavtale med Gulen kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune godkjenner revidert ramme-/vassavtale med Gulen kommune;

1. Bakgrunn:

Kommunane har i dag felles vassforsyning for deler av sine forsyningsområde frå Andvik i Masfjorden, som er regulert i avtale frå 21.01.1999. Avtalen har som føremål å auka vassforsyninga til hovudbassenget i Hovden i Gulen kommune frå Andvik i Masfjorden kommune

2. Kostnader for Gulen kommune:

- a. Investeringstiltak og kostnader knytt til naudsynt prosjektering og planlegging for å auka vassforsyningskapasiteten til bassenget på Hovden definert som tiltak 4.1 i Cowi rapport av 24.02.2014 blir å dekkja fullt ut av Gulen kommune. Eigen avtale om prosjektering og planlegging og prosjektgjennomføring og drift må underskrivast før Masfjorden kommune kjøper konsulenttenester knytt til prosjektet.
- b. Gulen kommune betaler til Masfjorden kommune i fastpris kr 8,00,- pr m3 levert vatn i basseng Hovden etter målt forbruk. Årsavgifta blir betalt etterskotsvis med forfall pr. 01.03. i året. Årsavgifta er gjenstand for årleg regulering, første gong eit år etter at anlegget er sett i drift (ferdigstilt). Reguleringa skal skje i samsvar med endringane i SSB sin konsumprisindeks i reguleringsperioden.

3. Leveringskapasitet

Som grunnlag for leveringskapasitet ligg Cowi sine kapasitetsberekningar i rapport av 13.09.2014 og rapport av 24.02.2014.

4. Avtaleperioden:

Denne avtalen vil når den er underskriven av begge kommunane erstatta vassforsyningsavtalen frå 1999. Avtalen skal gjelda i inntil 5 år frå nytt vassforsyningsprosjekt er ferdigstilt, alternativt 5 år frå 1.1.2015. Avtalen er først bindande når den er vedtatt i kommunestyra i Masfjorden og i Gulen kommune.

5. Felles vidare utvikling:

Innan utgangen av denne avtaleperioden skal Gulen og Masfjorden kommunar ha vurdert og evaluert organisasjonsform og framforhandla ny avtale/selskap basert på ei levetid på anlegget på 20 år

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Gulen kommune har retta ein formell førespurnad til Masfjorden kommune om auka vasslevering over kommunegrensa, primært til å stette næringslivet sitt behov. Masfjorden kommune har tidlegare vore positiv til dette, under føresetnad av at ein reviderer eksisterande vassavtale i forhold til pris, og at sjølvkostprinsippet vert lagt til grunn for prisnivået.

Vurdering

Masfjorden kommune har vektlagt leveringsavtale og pris for vassleveringa som sikrar at ein oppnår sjølvkost på leveringa. Avtaleutkastet opnar for at det kan verte ein realitet. 8,- m3 er ein stipulert pris, reell/dokumentert pris kan bli både høgare og lågare, avhengig av volum – men sjølvkost skal danne grunn for endeleg prising. Ein byggjer på prinsippa i eksisterande avtale vedk. investeringskostnadene, og med bakgrunn i konkrete tilfelle/prosjekt, fell desse kostnadene 100% på Gulen kommune.

Gulen har hatt fokus på organisering, og eit sterkt ønskje om felles selskap/IKS. Ut i frå ein heilskapsvurdering på noverande tidspunkt er ikkje dette noko rådmannen vil tilrå, men opnar for at ein innan ein 5 års periode kan gjere ei ny vurdering av organisasjonsform.

Pkt. 4 i framlegget må konkretiserast når endeleg avtale vert underteikna. Dette er ein rammeavtale, slik at nærare avtalar og må på plass som tek høgde for meir detaljar i leveransen.

Fakta

Revidert avtale er i tråd med tidlegare vedtak og ønskjer frå Masfjorden kommune si side, jf. m.a. politisk vedtak frå 2008:

KS-054/08 VEDTAK:

- 1. Masfjorden kommune ynskjer å gjennomføre investering i Masfjorden vassverk med tanke på oppfylling av bestillinga frå Gulen og auka forbruk i eigen kommune**
- 2. Det vert gjennomført ny analyse av eige framtidig behov, før anbudsprosess. Vidare må ein gjennomføre analyse og sikring kring lekkasjeforhold omtalt i Norconsults rapport.**
- 3. Auka vasslevering til Gulen krev investering i oppgradering og sikring av vasskjelde og leidningsnett. Det vil også føra til auka driftskostnader. Drøfting og forhandling med Gulen kommune om endra økonomiske tilhøve og reforhandling av noverande avtale må gjennomførast.**
- 4. Når reforhandling/prinsipp kring avtale er avklart med Gulen kommune, gjennomfører ein straks anbudsprosess.**
- 5. Reelle kostnader må vera kjende og vedtekne i begge kommunar før anleggsstart. Saka vert ført attende til kommunestyret for endeleg vedtak og finansiering**

Finansiering

Pkt. 1 i form av anleggsbidrag frå Gulen som etter noverande avtale skal dekkje 100% av investeringskostnadene, alt. ved reforhandling av avtale mellom kommune, pkt. 3.3.a og 3.4. vert evt. Masfjorden kommune sin finansieringsdel dekkja av kapitalfondet.

Heimel

Vassavtale mellom kommunane av 1999

Og framlegget inneber at ein kan oppnå sjølvkost på levering av vatn i kommunen. Utan ein avtale med Gulen vert volumet for lite, og ein vil ikkje kunne oppnå sjølvkost utan vesentleg auke i kommunale avgifter.

Konklusjon

Ein tilrår at Masfjorden kommune sluttar seg til framforhandla avtale, med basis i prinsippa om leveringsavtale og sjølvkost på prising av vassleveringa.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	14/982

Saknr	Utval	Type	Dato
066/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014

Søknad om støtte til bokprosjekt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune støttar bokprosjektet «Nordhordland 1814-2014» med inntil kr. 20.000,-. Finansiert med bruk av disposisjonsfond drift – kultur.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Sogelaga i regionen vart utfordra av kulturkontora til å lage ei bok til grunnlovsjubileet, og er kommen i gong med arbeidet med tittelen «Nordhordland 1814-2014», og søker om støtte til prosjektet.

Vurdering

Bokprosjektet vert vurdert som eit positivt tiltak, og tilrår at Masfjorden støttar prosjektet for å sikre realisering. Kultur har litt fondsmidlar, som ein tilrår vert nytta til prosjektet

Fakta

Boka «Nordhordland 1814-2014» har eit budsjett på kr. 105.000, og aktuelle sogelag – 4 i alt, søker om finansieringstøtte til aktuelle kommunar. Viser elles til søknad.

Konklusjon

Masfjorden kommune er positiv til prosjektet, og innfrir søknaden frå sogelaget og yter tilskot med inntil kr. 20.000 av dokumenterte kostnader av totalprosjektet.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE - 002, TI - &35, FE - 030	14/344

Saknr	Utval	Type	Dato
067/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014

Mandat for KS Hordaland sitt arbeid med kommunereform

Vedlegg:

Anmodning om mandat for KS Hordalands medvirking i lokale og regionale prosesser i en kommunereform.

Mandat for KS Hordalands arbeid med kommunereform

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune gjev sin tilslutning til at KS deltek som fagleg tilretteleggjar og koordinator for lokale/regionale prosessar i det kommunereformarbeidet regjeringa etter stortingsvedtak har invitert kommunane til.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Eit samla Landstyre i KS i møte den 28.05.2014 tilrådde i sak om kommunereforma at fylkesstyrene til KS ber kommunane gjennom lokale vedtak å gje fylkesstyra mandat til å inngå samarbeid med Fylkesmannen om tilrettelegging av lokale prosessar. KS sitt fylkesstyre i Hordaland har i brev av 04.juli, sjå vedlegg, vedteke å be kommunane å be om eit slikt mandat i samsvar med Landstyret sitt vedtak, med frist 11. september for tilbakemelding. Årsaken til denne korte fristen er at KS Hordaland skal ha sitt første samarbeidsmøte med Fylkesmannen den 15.september.

Vurdering

KS ønskjer med denne saka å sikra god medlemsforankring av si deltaking i dei lokale/ regionale prosessane som skal startast opp no i haust i arbeidet med å definera ny kommunestruktur i landet.

Rådmannen meiner at det er viktig å sikra KS eit godt mandat i arbeidet som no vert starta opp av Fylkesmannen i Hordaland, og rår difor til at formannskapet sluttar seg til KS sitt forslag til vedtak. Samstundes vil ein signalisere at det er viktig å sjå over fylkesgrensa når Masfjorden kommune skal drøfta ny kommunestruktur, og at det må leggjast vekt på å finna arenaer for gode drøftingar også over fylkesgrensene.

Fakta

Det kjem fram av Prop. 95S (2013 – 2014), Kommuneproposisjonen 2015, at alle kommunane i landet hausten 2014 vil verta invitert til å delta i prosessar med sikte på å vurdere, og å avklara om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar. Fylkesmennene vil få ansvaret frå regjeringa for å setja i gang den naudsynte prosessane. Samstundes seier regjeringa gjennom proposisjonen at det er ønskjeleg at dei regionale prosessane vert gjennomført i eit samarbeid mellom dei lokale fylkesmennene og KS regionalt. KS fekk i brev den 03.07.2014 invitasjon frå Kommunal- og moderniseringsministeren om å delta i desse prosessane. KS regionalt vert styrt av dei medlemsvalde fylkesstyrene. Eit stort fleirtal i Stortinget har uttrykt støtte til oppstart av desse lokale prosessane.

KS har vore tydeleg på at endringane i kommunestrukturen må byggjast på lokale prosessar, og at KS ikkje skal vera pådrivar for dette, samt at det er medlemmene sjølv som skal bestemma kven dei vil ha samtaler med. I brevet frå KS vert det understreka at det er kommunane sjølv som må eiga og styra prosessane, med bistand frå KS og fylkesmannen.

Konklusjon

Rådmannen meiner at det er viktig å sikra KS Hordaland eit godt mandat i arbeidet som no vert starta opp av Fylkesmannen i Hordaland, og rår difor til at formannskapet sluttar seg til KS sitt forslag til vedtak.

Fra: Victor Ebbesvik <Victor.Ebbesvik@ks.no>
Sendt: 4. juli 2014 09:40
Til: Hordaland fylkeskommune; Bergen kommune; Etne kommune; Sveio kommune; Bømlo kommune; Stord kommune; Fitjar kommune; Tysnes kommune; Kvinnherad kommune; Jondal kommune; Odda kommune; Ullensvang kommune; Eidfjord kommune; Ulvik herad; Granvin kommune; Voss kommune; Kvam herad; Fusa kommune; Samnanger kommune; Os kommune Hordaland; Austevoll kommune; Sund kommune; Fjell kommune; Askøy kommune; Postmottak Vaksdal; postmottak Modalen; Post Osterøy; Postmottak Meland; Øygarden kommune; Postmottak Radøy; Postmottak Lindås; Post Austrheim; Postmottak Fedje; Post Masfjorden kommune
Kopi: Astrid Toft; Helene Arholm; Jan Ryste
Emne: Anmodning om mandat for KS Hordalands medvirking i lokale og regionale prosesser i en kommunereform.
Vedlegg: Mandat for KS Hordalands arbeid med kommunereform.docx

Til :
Kommunene i Hordaland v/ ordfører, byrådsleder, rådmann
Hordaland fylkeskommune v/ fylkesordfører, fylkesrådmann

Anmodning om kommunal og fylkeskommunal politisk behandling av KS medvirking i lokale og regionale prosesser i en kommunereform.

Et samlet Landsstyre i KS 28.05 anbefalte i en sak om den kommende kommunereformen at fylkestyrene ba kommunene/fylkeskommunene gjennom lokale vedtak å gi fylkestyrene mandat til å inngå samarbeid med Fylkesmannen om tilrettelegging av lokale prosesser.

KS sitt fylkestyre i Hordaland har vedtatt å be om et slikt mandat fra kommunene/fylkeskommunen i tråd med Landsstyrets vedtak.

Vedlagt følger brev fra fylkestyret med nevnte anmodning.

Vi ber om at saken behandles i kommunestyre/formannskap så snart som mulig, og at vedtaket returneres til:

victor.ebbesvik@ks.no innen **11. september**.

Vennlig hilsen

Victor Ebbesvik
Seniorrådgiver
Senior Advicer

Epost Email: victor.ebbesvik@ks.no
Telefon Phone: (+47) 24 13 26 00
Mobil Cellular: (+47) 91 14 82 73



Hordaland

KOMMUNSEKTORENS ORGANISASJON
The Norwegian Association of Local and Regional
Authorities

Bergen 04. Juli 2014

**Til: Kommunene i Hordaland v/ ordfører, byrådsleder og rådmann
Hordaland fylkeskommune v/fylkesordfører , fylkesrådmann**

Anmodning om kommunal og fylkeskommunal politisk behandling av KS medvirkning i lokale og regionale prosesser i en kommunereform.

Bakgrunn

Det fremkommer av Prop. 95S (2013-2014) Kommuneproposisjonen 2015 at alle landets kommuner høsten 2014 vil inviteres til å delta i prosesser med sikte på å vurdere, og å avklare om det er aktuelt å slå seg sammen med nabokommuner. Fylkesmennene vil få ansvaret fra regjeringen for å igangsette disse prosessene. Regjeringen sier i proposisjonen at det er ønskelig at de regionale prosessene gjennomføres i et samarbeid mellom fylkesmannen og KS regionalt, og varsler en egen invitasjon til KS om å delta i prosessene etter stortingsbehandling av proposisjonen. KS mottok en slik invitasjon fra Kommunal- og moderniseringsministeren 03.07.

KS styres av sine medlemmer på nasjonalt nivå av de medlemsvalgte organene hovedstyre og landsstyre, og regionalt av de medlemsvalgte fylkestyrene.

KS ønsker i denne saken en særskilt medlemsforankring av vår deltakelse i det videre prosessarbeidet, og vil invitere til en politisk behandling i kommunen/fylkeskommunen av dette.

KS prinsipielle syn på kommunereform

KS landsting i februar 2012 vedtok i en uttalelse at kommunegrenser kan endres ved gode lokale prosesser, at oppgavene må være avgjørende for kommunestrukturen og at kommunene selv må ha styrende innvirkning på prosessen.

KS landsstyre diskuterte regjeringens forslag til en kommunereform og invitasjonen til KS i sitt møte 28. mai i år, og fattet følgende enstemmige vedtak:

«Landsstyret er positiv til at KS sentralt og regionalt tilrettelegger for og gir prosessveiledning i lokale prosesser og at dette gjøres i samarbeid med fylkesmannsembetene, i et likeverdig samarbeid. Det forutsettes at det er en gjensidig forståelse i dette samarbeidet for at kommunene selv styrer framdriften i prosessene, og definerer sine behov for veiledning og prosessstøtte»

Landsstyret anbefalte samtidig at fylkestyrene ba kommunene gjennom lokale politiske vedtak å gi fylkestyrene mandat til å gå inn i et slikt samarbeid om tilrettelegging av lokale prosesser.

Dette vil tydeliggjøre at mens fylkesmennenes rolle i samarbeidet er definert av staten, er KS' rolle definert av kommunene.

Resten av landsstyrets uttalelse er tilgjengelig på <http://www.ks.no/tema/Samfunn-og-demokrati1/Folkevalgtportalen/Kommunestruktur/Landsstyreuttalelse-om-kommunereform/>

KS sitt fylkesstyre i Hordaland har vedtatt at vi ønsker å følge opp Landsstyrets vedtak, og ønsker å be kommunene/fylkeskommunene i Hordaland om et slikt mandat, for å sikre en best mulig medlemsforankring av det arbeidet som skal gjøres fra høsten av.

Regjeringens forslag og Stortingets behandling

Ifølge kommuneproposisjonen vil den organiserte prosessen starte i august 2014, og vil i hovedsak gå til kommunene/fatter vedtak innen sommeren 2016. Vedtakene meldes til KMD via fylkesmannen, som også vil bli bedt om å gjøre en selvstendig vurdering.

Våren 2015 legges en stortingsmelding med forslag til nye oppgaver til robuste kommuner fram, og en samlet proposisjon om ny kommunestruktur vil fremmes for Stortinget våren 2017. De særskilte økonomiske virkemidlene i reformen vil gjelde for kommuner som det er fattet nasjonale vedtak for i løpet av reformperioden dvs innen 01.01.18. Iverksetting av sammenslåingene vil være senest 01.01.20.

Stortingets flertall sluttet seg til regjeringens forslag til både fremdriftsplan og økonomiske virkemidler. De varslede initiativ vil derfor bli igangsatt fra regjeringens side. Gjennom et forslag fremmet under stortingsdebatten 18. juni har også et flertall i Stortinget presisert at «*Stortinget stadfester at gjennomgangen av oppgåvene til kommunane må inkludere oppgåvene som skal ligge til eit folkevald regionnivå/mellomnivå/færre fylkeskommunar*».

Det er ikke etablert noe bredt flertall i Stortinget for den konkrete fremdriftsplanen og økonomiske virkemidler. Det vises til Innst. 300 S (2013-2014) for de enkelte partigrupperings merknader:

<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2013-2014/inns-201314-300/4/>

Et bredt flertall i Stortinget har imidlertid uttrykt støtte til igangsettingen av de lokale prosessene:

«Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre, Fremskrittspartiet, Kristelig Folkeparti og Venstre, er derfor positive til at alle landets kommuner høsten 2014 inviteres til å delta i prosesser med sikte på å vurdere og å avklare om det er aktuelt å slå seg sammen med nabokommuner. Flertallet forventer at kommunene på en god måte fra starten av en slik prosess involverer innbyggere, organisasjoner og ansatte på en god måte. Slik involvering øker sannsynligheten for en best mulig prosess for lokalsamfunnet.»

Premisser for KS medvirkning

KS har forutsatt at endringer i kommunestrukturen må bygge på **lokale prosesser**. **KS skal ikke være pådriver for dette.**

KS ønsker på medlemmenes premisser å legge til rette for lokale prosesser sammen med fylkesmennene, men **det er medlemmene selv som bestemmer hvem de vil ta initiativ til samtaler med**. KS ønsker ikke å ta stilling til dette, hverken regionalt eller nasjonalt.

KS mener det vil være naturlig å bruke de etablerte KS arenaene - fylkestyrene, fylkesmøtet, høstkonferansen osv. I en tidlig fase kan også andre arenaer som kommunene benytter brukes, f.eks regionråd, regionsamlinger. Egne temadager kan brukes. **Kommunene selv må eie og styre prosessene, med bistand fra KS og fylkesmannen.**

KS vil ivareta rollen som medlems- og interesseorganisasjon med fokus på rammevilkår, styrking av lokaldemokratiet, formidling av faktagrunnlag og tilrettelegging av arenaer for utvikling, kunnskapsdeling og erfaringsutveksling.

KS mener det er naturlig å se de kommunale og fylkeskommunale/regionale oppgaveporteføljene i sammenheng, og vil på nasjonalt nivå særlig arbeide videre med hvilke oppgaver som ut fra hensyn til nærhet til innbyggere, politisk folkevalgt forankring og effektiv oppgaveløsning kan flyttes til et av disse to nivåene, under forutsetning av fullfinansiering av nye oppgaver.

Tilbakemelding fra kommunene og fylkeskommunene til KS

Fylkestyret i Hordaland ber den enkelte kommune og fylkeskommune behandle følgende punkt:

« _____ kommune/fylkeskommune gir sin tilslutning til at KS deltar som faglig tilrettelegger og koordinator for lokale/regionale prosesser i det kommunereformarbeidet regjeringen etter stortingsvedtak har invitert kommunene til. «

Vi håper flest mulig av dere ønsker å gi KS Hordaland et slikt mandat, og ber dere legge til rette for en rask behandling av saken. Vi håper derfor dere har anledning til å behandle saken i formannskap/kommunestyre like over sommerferien, og at vedtaket sendes:

victor.ebbesvik@ks.no innen **11. september.**

KS Hordaland sitt første formelle samarbeidsmøte med Fylkesmannen er 15.09, og det ville være fint for oss å ha flest mulige mandatvedtak som støtte for vårt arbeid innen den tid.

Vi gjør for ordens skyld oppmerksom på at forslag til vedtak er formulert felles for alle fylkestyrer som ønsker å be om et slikt mandat.

Vi vil ellers benytte anledningen til å ønske dere alle god sommer !

Med vennlig hilsen
KS Hordaland

Marit A. Aase
Styreleder

Victor Ebbesvik
Seniorrådgiver

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - U62	14/775

Saknr	Utval	Type	Dato
068/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014

Søknad om minipol i Masfjorden

Vedlegg:

Søknad om minipol i Masfjorden

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Nordbygda Eigedom AS v/ Magnar Ulvatn har i brev av 17.06.2014 bede om at Masfjorden kommune søkjer vinmonopolet om polutsal (minipol) i Masfjorden. Føretaket har lokale på Hosteland.

Søknaden er ikkje grunngjeve utover det som er nemnd ovanfor.

Vurdering

Alkoholpolitisk handlingsplan vart vedteken i kommunestyret den 29.03.2012, og gjeld for perioden 2012 – 2016. Her vert det slått fast at salsløyve for alkohol i alkoholgruppe 1, berre kan gjevast til daglegvarebutikkar. Rådmannen kan ikkje sjå at det ligg føre overordna styringsdokument frå kommunestyret som legg føringar om ein skal prøva å få etablert vinmonopol eller ikkje i kommunen.

Strategisk næringsplan, som vart vedteken i kommunestyret 13.09.2014, har som hovudmålsetting at det kjem 50 nye arbeidsplassar innan 2020. Eit minipol vil sjølvstakt kunne styrka det handelsområdet det vert lagt til, ved at fleire kundar vil reise til denne staden. På den andre sida vil andre daglegvarebutikkar i nærområda kunna få redusert handel. Rådmannen ser på saka først og fremst som ei næringspolitisk sak, og legg difor saka fram til kommunestyret utan tilråding.

Ved positiv vedtak om å søka, vil Vinmonopolet AS få eit brev frå kommunen om dette, og då vert det seinare opp til Vinmonopolet AS å vurdere om dei ønskjer å senda søknad om salsløyve i kommunen, og kva lokalitet/ stad dei eventuelt ønskjer å bruka.

Høyring

Saka har ikkje vore til uttale hjå nokon, då det først vil vera aktuelt om Vinmonopolet AS søkjer om

konkret løyve til alkoholsal i medhald av alkoholova § 1-7. Då vil ein konkret søknad verta sendt på høyring til ulike instansar, og verta lagt fram som politisk sak.

Fakta

Regjeringa har opna for etablering av to små vinmonopolbutikkar «minipol» i Herøy i Nordland og Lyngen i Troms. Dei to butikkane (som opna i vår) er mykje mindre enn dei minste vinmonopolutsala, og utsala har fått namnet «Kategori 1». Dei er meint å kunna etablerast i kommunar der marknadsgrunnlaget er for lite for vanlege vinmonopolbutikkar. Prøveordninga med minipola i Herøy og Lyngen vil verta evaluert i laupet av hausten 2014, og denne evalueringa vil danna grunnlag for om Vinmonopolet AS skal kunne etablera fleire butikkar i Kategori 1. Innan utgangen av 2014 vil 235 av kommunane i landet ha vinmonopolutsal, og desse kommunane dekker ca. 90 % av innbyggjarane.

Konklusjon

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	FA - F90, FE - 144	14/972

Saknr	Utval	Type	Dato
069/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014

Framlegg til høyring - Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial 2014 - 2026

Vedlegg:

Kommunedelplan helse omsorg og sosial -2014 -5

Handlingsplan 8

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan – og bygningslova § 4-1 og § 11- 14 vert kommunedelplan for helse, omsorg og sosial 2014- 2026 sendt på høyring.

Høyringsperioden vert sett til 6 veker etter kunngjøring.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Føremålet med dette planarbeidet er å klargjere dagens situasjon for tenestene i Masfjorden kommune, kva slags utfordringar kommunen står framfor og kva slags strategiar, mål og tiltak kommunen bør velje for komande år. Planen skal syta for at tenesta er førebudd og har kunnskap til å møte framtidige utfordringar når det gjeld behov, oppgåver og organisering. Gjennom arbeidet med økonomiplanen, dei årlege budsjetta og temaplanane skal intensjonane i planen realiserast.

Fakta

I utarbeiding av kommunedelplan for helse, omsorg og sosial har det vore lagt vekt på politisk forankring, brei fagleg samansetning og brukarmedverknad. Arbeidet med planen har vore organisert med formannskapet som styringsgruppe, ei administrativ prosjektgruppe og ei ressursgruppe bestående av brei samansetning av ulike fagområde, brukargrupper og tillitsvalte. I arbeid med planen har det og vore arrangert folkemøte.

Konklusjon

Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial blir sendt på høyring i medhald av plan – og bygningslova

§ 4-1 og § 11 -14.

Høringsperioden vert sett til 6 veker etter kunngjøring.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - M11, FA - K70	14/767

Saknr	Utval	Type	Dato
070/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014

Marine Harvest Norway - fråsegn til søknad om konsesjon for regulering og auka vassuttak frå Søre Kvingevatnet

Vedlegg:

Marine Harvest Norway - Søknad om regulering og auka vassuttak frå Sørkvingevatnet - høyring

Vedlegg

Vedlegg

Vedlegg Søknaden - 34 sider

Vedlegg Skjema for dokumentasjon av hydrologiske forhold for fiskeanlegg med konsesjonsplikt

Vedlegg kart

VS Høringsbrev - Marine Harvest Norway AS søknad om vannuttak og regulering av Sørkvingevatnet.

NVEs referanse 2

SV Konsesjonskravvurdering

Marine Harvest Norway - Søknad om regulering og auka vassuttak frå Sørkvingevatnet - høyring

Vedlegg

Vedlegg

Vedlegg Søknaden - 34 sider

Vedlegg Skjema for dokumentasjon av hydrologiske forhold for fiskeanlegg med konsesjonsplikt

Vedlegg kart

VS Høringsbrev - Marine Harvest Norway AS søknad om vannuttak og regulering av Sørkvingevatnet.

NVEs referanse 2

SV Konsesjonskravvurdering

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune er positive til at det vert gjeve konsesjon til regulering og auka vassuttak til Marine Harvest Norway AS sin settfiskproduksjon. Ein ber samstundes NVE vurdere å påleggja konsesjonsøkjaren følgjande avbøtande tiltak :

- Opprydding og bygging av terskeldammar frå dammen nedanfor fylkevegen og opp til sjølve dammen i vatnet.
- Tildekking av vassrøyr som går frå inntaksdammne og nedover til settefiskanlegget.
- Etablering av felles slipp for grunneigarane, slik at dei lettare kan koma ut i Sørkvingevatnet med båt om sommaren og ut på isen med traktor om vinteren.
- Etablering av traktorveg opp frå vatnet i skogsområdet på søraustsida (frå Kvamneset til

Juvika).

I tillegg ber ein NVE vurderer storleiken på minstevassføringa i elva nærmare ut frå omsynet til estetikk og elvemiljøet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Marine Harvest Norway AS avd Kvingo vil utvide produksjonen frå 5 millionar sjødyktig settefisk til 7,5 millionar settefisk og søker NVE om løyve etter vassressurslova § 8 til:

- Uttak av vatn frå Sørkvingevatnet på inntil månadsmiddel på 80 m³/min. (1,33 m³/s)
- Gjennomsnittleg årleg vassutak på 45 m³/min.
- Regulering av magasin i Sørkvingevatnet mellom kote 23 (LRV) og kote 28 (HRV).
- Slepp av minstevassføring på 10 l/s.

Søknaden er på høyring frå Noregs vassdrag- og energidirektorat (NVE) med frist 10. september 2014. Uttak av vatn og regulering av Sørkvingevatnet har vore gjort på privatrettsleg grunnlag etter avtale frå 1907. Vassuttaket har ikkje konsesjon etter vassressurslova. Anlegget søkte i 2002 NVE som utviding frå 1 million sjøklar smolt til 2,5 millionar, og i 2006 om auke til 5,0 millionar sjøklar smolt. Utvidingane i 2002 og 2006 fekk fritak for konsesjonsfritak. NVE ser no helst at alle som har vassuttak skal ha konsesjon.

Prosjektskildring

Dei fysiske tiltaka det søkast om er alt etablert med dam, røyr og vassinntak. Produksjonsauken vil ikkje gje nye fysiske inngrep, men auka vassutak vil gje auka bruk av magasinet og lågare vasstand oftare.

Anlegget har vassinntak frå tre inntak i Sørkvingevatnet omtrent 400 meter oppom settefiskanlegget. To 700 mm og eit 400 mm røyr leier vatn frå Sørkvingevatnet til settefiskanlegget.

Avbøtande tiltak

Anlegget praktiserer minstevassføring på 10 l/s og det vert søkt om ein minstevassføring på 10 l/s.

2. Verknad for natur og samfunn

2.1. Kulturminne og kulturmiljø

Tiltaket vert vurdert til ikkje å ha verknad på kulturminne.

2.2 Landskap

Landskapet rundt og innafor Sørkvingevatnet er bratt og skogkledd med furuskog. I sørenden av vatnet ligg garden Kvingo med bustader, hytter og naust.

Tiltaket er ikkje venta og gje særleg negativ konsekvens for landskapet utover den eksisterande

reguleringa av vatnet. Auka vassuttak vil likevel gjere at Sørkvingevatnet oftare vil vere tappa ned. Dette vil vere negativt for oppleving av landskapet i og ved vatnet. Tiltaket gjev ikkje endringar for inngrepsfrie naturområde (INON). Konsekvensanalysen gir landskapet middels verdi og vurderer tiltaket til å ha liten negativ verknad for landskapet.

2.3 Biologisk mangfald

Raudlisteartar

Det er ikkje registrert raudlisteartar som elvemusling eller ål i vassdraget. I artsdatabanken er det observasjonar av raudlisteartar i samband med bekkekløftprosjektet for området «Sørvest for Stornuten». Raudlisteartar er vurdert til middels verdi. Konsekvensanalysen har ingen prioriterte artar naturtypar eller viktige artsførekomstar i influensområdet.

2.4 Fisk

Utløpet frå Sørkvingevatnet har i over 100 år vore sperra av dam, og elva nedafor har fleire naturlege vandringshindre, men det er mogleg for fisk å vandre opp frå sjøen på den aller nedste delen av vassdraget mot sjøen. Den nedste delen er blankskurt og manglar grus som fisken kan bruka til å gyta. Vasskvaliteten var tidligare prega av forsuring, men har blitt betre seinare år. Sørkvingevatnet har no normalt tette bestandar av aure og røye, men jamn og årleg rekruttering. Auren gyt i innlaupsbekken i nordaust, mens røya gyter langs land. Sterk tapping på hausten vil redusere gyteoppvandring av aure, mens tapping av vatnet vinterstid kan gi tørrlegging og frostfare for røyerogn og yngel.

Vassdraget har ikkje sjøaure eller laks.

Dei siste åra har tappinga sjeldan vore meir enn 2-3 meter og fisken i Sørkvingevatnet ser ut til å greie årleg rekruttering med det. Konsekvensanalysen vurderer vassdraget til å ha liten verdi for vassbiologi, og det omsøkte tiltaket vil ha liten negativ verknad.

2.5 Samfunn og andre brukarinteresser

Det er fritidsfiske i Sørkvingevatnet og 6-7 naust med tilhøyrande båtar. Det blir jakta på hjort i området. Området har lokal verdi for friluftsliv. Ei utviding av anlegget vil styrke økonomien til settefiskanlegget. Det er venta at 50% auke i produksjonen vil gje ein auke i arbeidsplassar frå dagens 10 årsverk til rundt 10-13 årsverk.

3. Vurdering og tilråding

Landskap

I Fylkesdelplanen for små vasskraftverk vert det området rekna som fjordlandskap av middels verdi. Sidan søknaden ikkje gir nye fysiske tiltak og bruken av er området liten, vert konfliktnivået vurdert som lågt, sjølv om Sørkvingevatnet blir noko meir nedtappa. Området rundt inntaksdammen er visuelt uryddig. Det kan betrast ved opprydding av avkappa røyr m.m. ved inntaksdammen og NVE bør vurdere om det er mogleg å legge røyrene betre i landskapet, eller ved at dei vert dekkja dei til med massar der det er praktisk mogeleg.

Biologisk mangfald

Det er verdifull bekkekløftvegetasjon i nedbørfeltet, men den vil ikkje bli påverka av det omsøkte tiltaket. I sum må inngrepet vurderast som lite konfliktfylt i høve til biologisk mangfald.

Fisk

I Fylkesdelplanen for små vasskraftverk vert området ikkje markert på verdikart for fisk. Konsekvensanalysen vurderer vassdraget til å ha liten verdi for vannbiologi, og det omsøkte tiltaket til å ha liten negativ verknad. Kommunen vurderer søknaden til å ikkje å ha vesentleg negativ effekt

for fiskeinteresse.

Friluftsliv

I Fylkesdelplanen for små vasskraftverk er området rekna som friluftsområde av noko verdi. Sidan søknaden ikkje gir nye fysiske tiltak og bruken av området liten, vert konfliktnivået vurdert som lågt, sjølv om Sørkvingevatnet vil bli oftare tappa. For landskapsopplevinga sin del er det likevel viktig med minstevassføring i elva frå Sørkvingevatnet. Framlegget til minstevassføring på 10 l/s er lågt. Rådmannen meiner at NVE bør vurdera å setja krav om minstevassføringa på 20 l/s i elva ned mot sjøen av omsyn til elvemiljøet og estetikk.

Landbruk

Det er særleg det austlege skogsområdet som er lite tilgjengeleg slik det ligg i dag. Ein stor del av lauvskogen her er hogstmoden og vil rotne på rot om den ikkje vert teken ut innan 10-20 år. Furskogen vil ikkje rotne og kan stå lenge sjølv om den også til dels er gamal. Eit grovt overslag på volumet aust for vatnet gjev ca 1000m³ furu og 500m³ lauvskog. Med ein førstehandsverdi på 250kr/m³ står her førstehandsverdiar ein stad mellom krone 375.000,- krone 500.000,- . Når vatnet vert regulert vil det ofte vera vanskeleg å nytta isen på vatnet til traktorkøyring for utdrift av tømmer. Slik kommunen ser det er det to alternativ for å ta ut skog i dette området som er lite tilgjengeleg på anna måte:

Skogsveg frå innmarka på Kvinge sør langs Kvamneset og austover inntil ca 1000 meter.

Tilretteleggja med slipp i begge endar (i sør ved fylkesvegen og aust i skogsområdet) så grunneigartar kan kryssa Sørkvingevatnet med traktor når isen er trygg.

Transport av hjorteskinn og andre aktiviteter knytt til vilt og fiske er og noko som er viktig for grunneigarane rundt vatnet.

Vurdering

Søknaden gjeld å få løyve etter vassressurslova sin § 8 til å auka vassuttaket, slik at selskapet Marine Harvest Norway AS også kan få løyve til å auka produksjonen av settefisk frå 5 millionar til 7,5 millionar.

Dei fysiske tiltaka i vassdraget er i stor grad gjort. Konsekvensane for ålmenne interesser er i hovudsak knytt til det visuelle ved at det vert auka nedtapping av Sørkvingevatnet og mindre vatn i periodar i elva ned til fjorden. Rådmannen meiner at nytten av å kunna auka settefiskproduksjonen, og samstundes kunna sikra arbeidsplassane i kommunen, til å vera større enn ulempene for andre interesser i området. Det er likevel viktig at konsesjonsøkjaren vert pålagt avbøtande tiltak i medhald av vassressurslova, for å redusera ulempene reguleringa og vassuttaket har for grunneigarane i området og i høve natur/miljøverdiar.

Konklusjon

Rådmannen rår til at det vert gjeve ei positiv fråsegn til søknaden, men meiner at det er viktig å be NVE vurderer avbøtande tiltak knytt til følgjande tema:

- Storleiken på minstevassføringa i elva må vurderast nærmare.
- Opprydding og bygging av terskeldammar med vidare frå dammen nedanfor fylkevegen og opp til sjølve dammen i vatnet.
- Etablering av felles slipp for grunneigarane, slik at dei lettare kan koma ut i Sørkvingevatnet med båt om sommaren og ut på isen med traktor om vinteren.-
- Etablering av traktorveg opp frå vatnet i skogsområdet på søraustsida (frå Kvamneset til Juvika).

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - N00, FA - Q31	14/704

Saknr	Utval	Type	Dato
071/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014

Planprogram for områdeplan bru over Masfjorden

Vedlegg:

Planprogram for bru over Masfjorden 2014 11.august

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til planprogram for områdeplan bru over Masfjorden vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-9, jf. § 4-1 sendt på høyring i 6 veker frå kunngjeringsdato. Same frist vert gjeve for å koma med innspel til planoppstarten.

Saksopplysningar:

Finansiering

Det vert vist til kommunestyresak 031/2014 frå møte den 19.06.2014, der 1,5 millionar vart løyvd over brufondet.

Heimel

Plan – og bygningslova sin § 4-1 og § 12-9.

SAKSTILFANG:

Framlegg til planprogram for områdeplan for bru over Masfjorden

Fakta:

Masfjorden kommune skal starte opp den formelle planprosessen for å erstatte kabelferja frå 2002 mellom Sandnes og Duesundøy med ny bru, og få ferjefri kryssing av Masfjorden. Prosjektet er hovudmål i kommuneplanperioden for 2012 – 2024.

Prosjektet kjem innanfor regelverket til plan- og bygningslova si forskrift om konsekvensutgreiing. Asplan Viak AS har vore engasjert av kommunen i eit forprosjekt som har hatt som føremål å avklare kva som vil vere den mest tenlege planprosessen i planarbeidet, plannivå, og behov for/krav til utgreiingar. Dette framlegget til planprogram er i stor grad basert på arbeidet til Asplan Viak, og foretla vidare av Masfjorden kommune.

Masfjorden er med heimel i Hamne- og farvasslova § 16 klassifisert som *bi-lei* i *Forskrift av 30.11.2009 om farleier*. For bi-leier som Masfjorden er tilrådd seglingshøgde 40 meter. På bakgrunn av lokale tilhøve og dagens trafikk i leia vert det sett på som realistisk å kunne vurdere seglingshøgde ned mot 30 meter. Hausten 2013 og våren 2014 har Masfjorden kommune hatt nær dialog med privat prosjekteringsføretak som meiner det kan byggjast ny type flytebru over Masfjorden, med sluse eller svingarm som kan opnast når større båtar skal passere. Ei slik flytebru kan sannsynlegvis byggjast rimelegare enn ei hengebru, og konseptet vil difor vera viktig få utgreidd i samband med ein reguleringsplan. Masfjorden kommune meiner at planarbeidet tidleg skal føra til at ein får hovudfokus på ein type bruløysing, og at dette må avklarast med grundige drøftingar med ulike fagmiljø både innan veg, brubygging og skipstrafikk m.fl.

For vegtilknytning er det fastslått følgjande krav

- Vegstandard skal fastsettast etter ny handbok 017, U-HØ2 (tidlegare S1)
- Det skal dimensjonerast for maks 60 km/t skilta fart
- Skal ta omsyn til framtidig tunnel på Sandnessida
- Gang/sykkelvegtrase

Prosjekt og planarbeid kjem innanfor regelverket til plan- og bygningslova om konsekvensutgreiing. Med grunnlaget som er lista over meiner Masfjorden kommune at alternative trasear og brutypar er tilstrekkeleg utgreidd til at ein kan gå direkte vidare med reguleringsplan, utan ytterlegare alternativsvurdering og eventuell kommunedelplan.

Kommuneplan for Masfjorden 2012 – 2024 vart vedteken i kommunestyret 31. mai 2012. Masfjorden kommune sitt hovudmål i planperioden er:

«Bru over Masfjorden innan 2020»

Prosjektet inneber å erstatte mellom Sandnes og Duesundøy med ny bru, og få ferjefri kryssing av Masfjorden for fylkesveg 570.

Bru over Masfjorden har vore tema i fleire periodar heilt sidan traseen for noverande E39 vart utgreidd. I 1989 vart det utarbeidd fleire rapportar for alternative kryssingsmåtar og gjort ein trafikk- og konsekvensanalyse. Dagens vegsamband med ferje frå Masfjordnes til Duesund er frå siste del av 80-talet. I 2002 vart den tradisjonelle ferja erstatta med kabelferje og ferjekaien flytta frå Duesund til Duesundøy. Løysinga har vore meir tenleg enn det gamle ferjesambandet, men har likevel ikkje svara til forventningane til innbyggjarane, og dei behov innbyggjarane og næringslivet i deler av Gulen og

Masfjorden kommune har for effektiv fjordkryssing over Masfjorden.

Sidan 2006 har kommunen på ny sett ferjefri fjordkryssing på dagsorden, denne gong med kommunen si hovudutfordring som bakgrunn: *Korleis snu den negative folketalsutviklinga i kommunen?*

I tillegg til dei lokale målsettingane vil brusambandet ha regionale verknader i aksen Gulen/Masfjorden – Nordhordland/Bergen:

Bru over Masfjorden vil venteleg:

- Binde saman Masfjorden kommune der ferjesambandet i dag er ein stor barriere for vidare utvikling og vekst
- Styrke kommunesenteret ved å auke tilgjenge til denne delen av Masfjorden.
- Bidra til betre vegsamband mellom Nordhordland / ytre Sogn og Bergensregionen
- Bidra til utvikling i næringsliv, arbeidsmarknad, sosialt og kulturelt samfunnsliv i Masfjorden / Gulen/ Ytre Sogn gjennom betre og ferjefritt vegsamband
- Etablere ferjefri avlasting og omkøyringsveg for E39 ved hendingar/stenging på strekninga Ostereidet – Sognefjorden
- Styrke kvaliteten på offentlege tenestetilbod, og oppretthalde viktige tenestetilbod i denne delen av Hordaland og Ytre Sogn.

Masfjorden kommune godkjente både kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel i kommunestyremøte den 31. mai 2012. Planstrategi for Masfjorden vart vedteke den 30.10.2012.

Det vedlagde framlegget til planprogram inneheld detaljar knytt til sjølve planarbeidet, planavgrensing, planprosess og seier kva utgreiingsbehov som er naudsynt å sikra i planlegginga.

VURDERING

Områdeplanar, som ikkje er i samsvar med overordna kommuneplan eller som vil medføra kostnader over terskelverdiar, skal handsamast etter forskrift om konsekvensutgreiing. Det er i plan- og bygningslova sin § 4-1 krav om planprogram som skal avklare føremål, rammer og premisser for arbeidet, og skildre konsekvensar av eventuell utbygging. Det skal i planprogrammet gjerast greie for planarbeidet og skildre verknadene av ny utbygging og arealdisponering. Alternativ skal vurderast, og ein skal skildre kva for utgreiingar ein meiner er naudsynte for å kunne ta ei avgjerd. Det er dei delane av planen som set rammer for framtidig utbygging og som medfører endringar i forhold til eksisterande plan, som skal utgreiast.

Planprogrammet skal og skildre opplegg for medverknad og informasjon kring planprosessen. Planprogrammet skal leggjast ut til offentleg høyring, i samband med kunngjering om oppstart av planarbeid, før programmet vert endeleg fastsett av kommunen. Det vert vist til plan- og bygningslova sin § 12-9, med krav om minimum 6 veker uttalefrist til planprogram.

I samband med høyringa av planprogrammet er det føremålsteneleg å varsle oppstart av planarbeidet. slik at begge desse prosessane går samstundes. Når planprogrammet har vore på høyring vil formannskapet få saka attende som eiga sak, og planprogrammet kan då korrigerast/

endrast om det er naudsynt. Det er ikkje knytt klagerett til endeleg vedtak om planprogram.

Rådmannen vil vise til at planarbeid for bru over Masfjorden er teke med i planstrategien som vart vedteke i kommunestyret den 30.10.2012, og at det hastar å få på plass ein reguleringsplan, for å sikra at kommuneplanen si hovudsatsing kan verta realisert.

KONKLUSJON

Rådmannen viser til at kommunestyret i møtet den 19.juni 2014 har gjort vedtak om oppstart av områdeplan og rår til at framlegg til planprogram for områdeplan bru over Masfjorden vert lagt ut til høyring. Det vert vist til plan- og bygningslova sin § 12-9.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE - 611	14/876

Saknr	Utval	Type	Dato
072/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014

Søknad om å få kjøpa to regulerte tomter i det kommunale bustadfeltet på Skolten

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner ikkje søknaden om å få kjøpa to tomter og viser til saksutgreiinga og vurderingane til rådmannen.

Saksopplysningar:


Bakgrunn og fakta

Det er kome søknad frå ein familie om å få kjøpa to regulerte tomter som ligg inntil kvarandre i det kommunale bustadfeltet på Skolten. Målet er å slå saman tomtene og byggja ein einebustad på arealet. I reguleringsplanen for Skolten er det aktuelle området delt i to tomter, som kvar er på ca 800 m². Slått saman vil arealet verta på ca 1600 m².

Grunngjevinga for ønsket om å kjøpa desse tomtene er gjeve i utklippet frå søknaden nedunder:

Vi ønsker å kjøpe en tomt på kommunalt byggefelt Skolten, tomten har bruksnummer 38/59, tidligere tomt 3 og 4, som har vært til salgs i over 20 år nå. I hht nordhordlandskart.no ser dette tomtearealet ut som en tomt per i dag. Vi trenger hele dette tomtearealet for kunne plassere det huset vi tenker å bygge, et slikt hus er noe avlangt i sin form og det vil kreve noe større tomteareal, og dette vil nok også komme i konflikt med grensekrav osv. til nabotomter hvis en skal plassere dette huset på bare tomt 3 eller 4, i hht. Masfjordens hjemmesider. Hustypen er valgt for å ivareta våre omsorgsforpliktelser for vår sønn som trenger en egen avdeling i huset for skjerming osv., dette pga hans alvorlige sykdom. Videre er tomten skrå og da er det viktig å ha nok steinmasser for å kunne legge grunnflaten til huset i en akseptabel høyde for at en i det hele tatt skal ha utsikt fra huset, og ikke bare sitte å se på taket til Fjellbyen. Hvis vi bare snakker om halvparten av tomtearealet (enten tomt 3 eller tomt 4), vil dette medføre at det må kjøres ekstra steinmasser fra et annet sted, som vil påføre oss ekstra transportkostnader m.m., dette vil følgelig fordyre byggekostnadene våre på en urimelig måte (dette blir vell også lite miljøvennlig). Det må også lages en vei opp til ønskelig nullnivå for huset, veien vil «spise» av noe tomtearealet som også bidrar til at tomten blir noe smalere enn angitt på kartet, og det kreves også her ekstra steinmasser.

Nedunder er omsøkte tomter vist på kartutsnittet der det står gnr. 38 bnr. 59 heilt i nord. Dette bruksnummeret består av alle teigar kommunen har i området:



Vurdering

Administrasjonen har vurdert søknaden, og vil visa til at det opp gjennom åra har vore ulik praksis når slike søknader har kome. Dei siste åra har likevel praksisen endra seg til å vera meir restriktiv når

slike ønskjer kjem, med grunngjeving at det er viktig å ha gode tomtereservar i dei ulike bygdene i kommunen. Ein har og sett at ledige tomter fort kan verta ein knapp ressurs, om tomter vert slått saman slik det her er ønskje om. Prisnivået er og sterkt subsidiært frå kommunen si side, og freistinga til å sikra seg tilleggsareal rimeleg, eller å kjøpa tomt ved sidan av si eiga tomt, gjerne berre for å halda på denne, kan gje urimelege utslag i høve det politiske målet om å ha tomter ledige til personar som vil byggja og bu i Masfjorden.

På den andre sida kan det også innanfor regulerte bustadfelt vera tomter som ligg ved sidan av kvarandre, og som kvar for seg ikkje representerer så gode kvalitetar at det vil vera lett å byggja gode bustader med gode uteareal med utsikt på. Det aktuelle arealet på Skolten ligg slik til at tilkomsten opp frå den kommunale vegen kan verta noko bratt om ein ikkje vel å sprenga bustaden langt ned i terrenget. Det igjen vil gjera det vanskeleg å utvikla gode uteareal på tomtene. Spesielt tomte som ligg heilt i det nordvestlege hjørnet vil på grunn av topografien vera utfordrande å få til gode løysingar på.

Søklar kjem etter rådmannne si vurdering med saklege argument og rådmannen har forståing for dei problemstillingane som her vert reist, og er også langt på veg samd med argumentasjonen om dei terrengmessige utfordringane tomtene kvar for seg gjev.

Konklusjon

Ut frå ei totalvurdering, og med bakgrunn i rådande praksis om ikkje å selja to tomter til ein og same tomtekjøpar, rår rådmannen til at søknaden ikkje vert imøtekomen. Skulle formannskapet likevel koma til ein annan konklusjon ber ein om at det kjem med i vedtaket at noko kantareal langs vegen mot naboeigedomen (bnr. 67 og 97) vert halde igjen, for å sikra framtidig vegareal om bustadfeltet i framtida skulle verta utvida lenger vest. Det må og opplysast om at ein søknad vil krevja godkjent dispensasjon frå reguleringsplanen, slik tomtekjøpar no ønskjer tiltaket sitt realisert.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Gerd Allis Håheim		14/974

Saknr	Utval	Type	Dato
073/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014

Delegerte saker

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
006/2014	Delegert vedtak - innvilga startlån
005/2014	Delegert vedtak - Søknad om støtte til drift
007/2014	<Svar på søknad om støtte>

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Gerd Allis Håheim		14/974

Saknr	Utval	Type	Dato
074/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014

Referatsak

Vedlegg:

Intensjonsavtale

Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
1	Intensjonsavtale mellom Tove Kristin S. Tistel og Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar: